



Eub Ltd
Øvre Kråkenes 66
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1018 - 21/23864

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.04.2021

Løyve til endring av godkjend tiltak - gbnr 213/62 Eikanger nedre

Administrativt vedtak:	Saknr: 450/21
Tiltakshavar:	Eub Ltd
Ansvarleg sækjar:	Eub Ltd
Søknadstype:	Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a), jf. § 20-3, vert søknad om endring av plassering av bustad på gbnr 213/62 godkjend.

- Plasseringa av bustaden går fram av situasjonsplan datert 13.08.2013, som er mottatt 29.03.2021.
- Eigedomen er tilknytt kommunalt vass- og avløpsanlegg via privat stikkledning. Tilkoplingspunkt går fram av VA-kart datert 13.08.2013 som er mottatt 22.12.2020 i sak 20/19304.

Før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest skal det liggja føre ferdigmelding for tilknytning til kommunalt vass- og avløpsanlegg.

Vilkår sett i tidlegare gjevne løyve datert 10.09.2014 og 17.08.2017 gjeld.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av bustad på gbnr 213/62. Søknaden omfattar endring av plassering i horisontalplanet. Høgdeplasseringa er uendra. Det er elles opplyst at eigedomen er tilknytt kommunalt vass- og avløpsanlegg.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.03.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.03.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå den dato, dvs. 19.04.2021.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging, LSB 16.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Ansvarleg søker om fritak frå varsling til naboar då endringa ikkje medfører merkbar forskjell for naboeigedomar ut over gbnr 213/4 som søker sjølv eig.

Kommunen legg søker si vurdering til grunn og vurderer at den omsøkte endringa ikkje vil, eller i lita grad, vil få verknadar for naboar sine interesser. Nabovarsel kan unnlatast.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.08.2013, som er mottatt 29.03.2021. Høgdeplasseringa er uendra.

Vatn og avløp (VA)

I opphavelag søknad er det opplyst at vassforsyning og avløpshandtering skal løysast ved etablering av private anlegg. Det er i samband med søknad om ferdigattest og endring av tiltak opplyst at eigedomen er knytt til offentleg vass- og avløpsanlegg via privat felles stikleidning. Fellesanlegget er godkjend etablert i sak 15/3109.

Tilkoplingspunktet, som ligg på eigen eigedom, går fram av VA-kart datert 13.08.2013 som er mottatt 22.12.2020 i sak 20/19304.

Tilkomst, avkøyrse og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser parkering og avkøyrse.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Vatn og avløp

Det vert lagt til grunn at eigedomen er tilkoppa kommunalt vass- og avløpsanlegg og utført arbeid inngår i tidlegare gjeve løyve.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen kan gi dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Allt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonplan endring
Kart

Mottakarar:

Eub Ltd

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES